

Sabima kartleggingsnotat 13, 2020

## Soppkartlegging i ytre/nordre Trøndelag 2020

Av Kirsti Anne Mandal



Kjempemusserong *Tricholoma colossus*

Foto: Kirsti Mandal



Emneord: Sopp, kartlegging, Trøndelag

For 2020 er det første året eg har søkt om og motteke støtte til kartleggingsarbeid på eiga hand, i tillegg til det vi gjer i regi av kartleggingskomiteen i TSNF. Denne sesongen har bydd på så mange utfordringar, og ein del av planane har ikkje vorte noko av. Eg har hatt to turar som går inn under mitt søknadsområde og vil rapportere om dei her. Ut over dette har eg kartlagt mest i nærområdet. Det er spesielt eitt område her som peikar seg ut som interessant, med funn av fleire rødlisteartar og ein slørsopp som var ny for Norge, *Cortinarius fulvoisabellinus*. Området ligg i sørhelling mot Koet, ein fjordarm med trangt utløp i Jøssundstraumen. Her det trøndersk edellauskog med mykje hassel og osp. Når planane for 2021 skal leggest, må vi vurdere å få utført ei grundigare kartlegging der, også med bistand frå andre med god kunnskap om karplanter og biotop.

Eg har godt samarbeid med Håkon Holien ved NTNU, og eg har levert belegg av mange funn til herbariet.

## Vågsdalen, Åfjord kommune 23. september

Eg har hatt årlege turar til dette området sidan 2016, då eg for første gang fann kjempemusserong der. Det er ein ganske trang dal, med ei lita elv i botnen og bratte sider. Der er mest furu, men også gran og dei vanlegaste lauvtreslaga bjørk, selje og rogn, samt einer og lyng. I Åfjord er det fleire kalkrike områder, og det må vere kalk i grunnen også i Vågsdalen. Eg har mange fine funn herifrå.

Kjempemusserong har si nordgrense her. Den var der også i år, men berre 5 eksemplar, som er langt færre enn i fjor då der var 14. Nye artar for meg i år var blåbærhette, melhette og kjeglesvovelsopp. Eg sakna å finne igjen artar som gul furuvokssopp, rustbrunpiggg og bitter riddermusserong.



melhette *Mycena cinerella*

Foto Kirsti Mandal

## Høya og Skåtangen, Steinkjer kommune 17. oktober

Det vart veldig seint på året før eg kom meg til Innherred, så mengden av sopp hadde nok avtatt mykje. Turen vart og begrensa til berre ein dag. Områda her inne i botnen av Trondheimsfjorden er rike med kalk i grunnen.



strengkjuke *Porpomyces mucidus* og støvkjuka *Postia ptychogaster*

Foto: Kirsti Mandal

Det mest spennande å finne var strengkjuka og støvkjuka på Skåtangen og brun jordstjerne på Høya.





brun jordstjerne *Geastrum fimbriatum* Foto: Kirsti Mandal

Artslister finnes som vedlegg1 og 2 til slutt i rapporten.

Oksvoll 11.11. 20

Kirsti Mandal



23.09.2020 - 23.09.2020, Vis bare mine observasjoner, Ikke vis observasjoner som inngår i sammenstilte funn

ArtsObsTaxonId	Navn	Vitenskapelig Navn	Autor	Artsgruppe	Antall funn
54485	brødkorg	Crucibulum laeve	(Huds.) Kambly	Sopp	1
54015	honningvokssopp	Hygrocybe reidii	Kühner	Sopp	1
54034	duftvokssopp	Hygrophorus agathosmus	(Fr.) Fr.	Sopp	1
60243	gulskivevokssopp	Hygrophorus karstenii	Sacc. & Cub.	Sopp	1
129008	barnålsopp	Gymnopus perforans	(Hoffm.: Fr.) Antonín & Noordel.	Sopp	1
53771	melhette	Mycena cinerella	(P. Karst.) P. Karst.	Sopp	2
53859	blåbærhette	Mycena septentrionalis	Maas Geest.	Sopp	1
53772	gulhette	Mycena citrinomarginata	Gillet	Sopp	1
54518	fregnebittersopp	Gymnopilus penetrans	(Fr.) Murrill	Sopp	1
61178	kjeglesvovelsopp	Hypholoma dispersum	Qué. l.	Sopp	2
55270	slimskjellsopp	Pholiota lenta	(Pers. : Fr.) Singer	Sopp	1
55427	grå meltraktsopp	Clitocybe vibecina	(Fr.) Qué. l.	Sopp	1
55523	kjempemusserong	Tricholoma colossus	(Fr.) Qué. l.	Sopp	1
55549	dråpemusserong	Tricholoma pessundatum	(Fr. : Fr.) Qué. l.	Sopp	1
55585	skjeggmusserong	Tricholoma vaccinum	(Schaeff. : Fr.) P. Kumm.	Sopp	1
55824	gulltråd	Piloderma fallax	(Lib.) Stalpers	Sopp	1
62339	gul ekornnøtt	Rhizopogon luteolus	Fr. : Fr.	Sopp	1
56069	seig kusopp	Suillus bovinus	(L. : Fr.) Roussel	Sopp	1
56076	sumpkusopp	Suillus flavidus	(Fr. : Fr.) J. Presl	Sopp	1
56083	smørsopp	Suillus luteus	(L. : Fr.) Roussel	Sopp	1
56227	traktkantarell	Craterellus tubaeformis	(Fr.) Qué. l.	Sopp	1
57578	furumatriske	Lactarius deliciosus	(L. : Fr.) Gray	Sopp	1

17.10.2020 - 17.10.2020, Vis bare mine observasjoner, Ikke vis observasjoner som inngår i sammenstilte funn

ArtsObsTaxonId	Navn	Vitenskapelig Navn	Autor	Artsgruppe	Antall funn
67466	skjelljordtunge	Geoglossum fallax	E.J. Durand	Sopp	1
55143	okergul grynhatt	Cystoderma amianthinum	(Scop. : Fr.) Fayod	Sopp	1
52700	rynkeslørsopp	Cortinarius elatior	Fr.	Sopp	1
52737	fibret slørsopp	Cortinarius glaucopus	(Schaeff. : Fr.) Fr.	Sopp	1
53157	silketrevlesopp	Inocybe geophylla	(Fr. : Fr.) P. Kumm.	Sopp	1
54034	duftvokssopp	Hygrophorus agathosmus	(Fr.) Fr. (Fr. : Fr.) Antonín, Halling	Sopp	1
54671	horngrå flathatt	Rhodocollybia butyracea asema	& Noordel.	Sopp	1
55108	ferskenhatt	Phyllotopsis nidulans	(Pers. : Fr.) Singer	Sopp	1
54518	fregnebittersopp	Gymnopilus penetrans	(Fr.) Murrill	Sopp	1
55378	hvit anistraktsopp	Clitocybe fragrans	(With. : Fr.) P. Kumm.	Sopp	1
55405	grønn anistraktsopp	Clitocybe odora	(Bull. : Fr.) P. Kumm.	Sopp	1
55448	gulbrun ridderhatt	Paralepista flaccida	(Sowerby : Fr.) Vizzini	Sopp	1
55526	riddermusserong	Tricholoma equestre	(L. : Fr.) P. Kumm.	Sopp	1



55578	grå jordmusserong	Tricholoma terreum	(Schaeff.) P. Kumm.	Sopp	1
55585	skjeggmusserong	Tricholoma vaccinum	(Schaeff. : Fr.) P. Kumm.	Sopp	1
56083	smørsopp	Suillus luteus	(L. : Fr.) Roussel	Sopp	1
56176	fløyelspluggsopp	Tapinella atrotomentosa	(Batsch : Fr.) Bütara	Sopp	2
56223	gul trompetsopp	Craterellus lutescens	(Pers. : Fr.) Fr.	Sopp	1
56451	vedmusling	Gloeophyllum sepiarium	(Wulfen : Fr.) P. Karst.	Sopp	1
56415	brun jordstjerne	Geastrum fimbriatum	Fr.	Sopp	1
56871	støvkjuka	Postia ptychogaster	(F. Ludw.) Vesterh.	Sopp	1
57560	branngul riske	Lactarius aurantiacus	(Pers. : Fr.) Gray	Sopp	1
57996	granskjellpigg	Sarcodon imbricatus	(L. : Fr.) P. Karst.	Sopp	1
58123	strengeskjuka	Porpomyces mucidus	(Pers. : Fr.) Jülich	Sopp	1
58175	gullgaffel	Calocera viscosa	(Pers. : Fr.) Fr.	Sopp	1